



## *Hadeland dialekt- og mållag*

### **Innkalling til årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag**

måndag 14. februar 2022

kl. 19.00-21.00

på Hjertebo, 1. etasje, inst i gangen til venstre

*Stein Buan gjestar årsmøtet.*

#### **Sakliste**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Konstituering
3. Årsmelding 2021
4. Rekneskap 2021
5. Årspengar 2023
6. Innkomne forslag\*
7. Arbeidsprogram 2022
8. Val

\*Innkomne forslag må vere styret i hende 7. februar 2021.

#### **1. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innstilling: Innkalling og sakliste er godkjend.

#### **2. Konstituering**

Innstilling: Som ordstyrar vel årsmøtet Lars Velsand.

Som møteskrivar vel årsmøtet Reidun R. Sørensen.

Til å godkjenne protokollen vel årsmøtet to frammøtte medlemmer.

#### **3. Årsmelding 2021**

Innstilling: Årsmeldinga er godkjend.

#### **4. Rekneskap 2021**

Rekneskapen vil bli kontrollert og lagt fram på årsmøtet.

Innstilling: Rekneskapen er godkjend.

## **5. Årspengar for 2023**

Noregs Mållag sin del av kontingenten er 300 kroner. NM tilrår at lokallagssatsen er 60 og fylkeslagssatsen 40 kroner, men laga står fritt til å vedta andre beløp.

Austmannalaget tilrår kr 30 til sitt årsmøte.

Innstilling: Årsmøtet i Hadeland dialekt- og mållag vedtek kr 50 som årspengar for 2023 for hovudmedlem, familiemedlem og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.

## **6. Innkomne forslag**

6.1. Styret foreslår å sette av ein pott på kr 10.000 for år 2022 til naudsynt utstyr til utvikling og drift av laget.

## **7. Arbeidsprogram 2022**

Innstilling: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet som rettleiande for styret.

## **8. Val**

Alle kandidatane er spurt på førehand, har takka ja til tillitsvervet og veit kva for oppgåver som følgjer med.

Framlegget vil bli lagt fram i årsmøtet.

23. januar 2022

Styret

Vedlegg:

Sak 3 Årsmelding for 2021 frå styret

Sak 7 Styret sitt framlegg til arbeidsprogram for 2022